



Møteprotokoll

Utval: Utvalet for næring og miljø
Møtestad: Møterom Sunnfjord – Rådhuset
Dato: 22.04.2026
Tid: Kl. 12:00 - 15:10

Følgande medlemmer møtte:

Geir Leon Hetle
Ove Farsund
Roger Gjelseng Olsen
Britt Kyrkjebø Aarbergstøtten
Mathias Råheim
Erlend Brede Fossen
Eldrid Skudal
Bjarte Buttedal

Parti:

Ap
Ap
FrP
H
H
Sp
SV
VIP

Forfall:

Ingrid Røkke Døskeland
Nina Elise Hjartholm
Magnhild Runde

Parti:

MDG
Sp
V

Møtande varamedlem:

Oddne Skrede
Reiel Haugland

Parti

Sp
V

Andre:

Anita Nordheim	kommunalsjef kultur og idrett
Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy	einingsleiar
Joar Helgheim	einingsleiar
Lise Mari Haugen	assisterande kommunedirektør
Malin Solheim Moldestad	rådgjevar
Trond Ueland	einingsleiar

Møteleiar: Ove Farsund

Godkjenning av protokollen:

Ove Farsund

Roger Gjelseng Olsen

Eldrid Skudal

Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
024/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
025/26	Ytterlegare innsparing med inntil 30 mill. kroner i samfunnsteneste
032/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune
033/26	Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune
026/26	Klagesak - Klage på vedtak om pålegg om retting for terrengarbeid ved gbnr. 21/215
027/26	Prinsipiell avklaring - bruk av kommunale vegar til tømmertransport
028/26	Frivilligpolitisk plattform
029/26	Tilskot frå fiske- og friluftsfond Jølster
030/26	Samarbeidsavtale for Hub for Minerals
031/26	Høyringsuttale til forslag til forskrifter på viltområdet
034/26	Delegerte vedtak
035/26	Referatsaker
036/26	Orienteringar, spørsmål og oppfølging

024/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkallinga og saklista blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Møteleiaren fremja følgande til å godkjenne protokollen:
Eldrid Skudal og Roger Gjelseng Olsen

Einstemmig vedtak

UNM- 024/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Eldrid Skudal og Roger Gjelseng Olsen

025/26: Ytterlegare innsparing med inntil 30 mill. kroner i samfunnsteneste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 20 mill. kr.
2. Fordeling av ytterlegare innsparing mellom sektoren vert 11 mill. kr til stab/støtte, 6 mill. kr til kultur/idrett og 3 mill. kr til teknisk/miljø.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Alternativt framlegg frå Ap, fremja av Ove Farsund (Ap):

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 11 mill. kr.
2. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.
3. Utvalet vil spesielt peike på dei negative konsekvensane av Tiltak 12 Brann og Redning samt Tiltak 9 Kultur og Idrett (Banemeister). Her føreligg ei eiga samarbeidsavtale mellom kommunen og Førde IL. Denne vart oppretta i sb.med etablering av Hafstadparken (2011) samt ei tilleggsavtale (2015).

Alternativt framlegg frå SV, fremja av Eldrid Skudal (SV):

Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til inntil 10 mill. kr. Og skal gjelde sektorene Stab og støtte og Teknisk og miljø. Kommunedirektøren skal legge fram forslag til innsparing i samband med budsjett og økonomiplan for 2027.

Alternativt framlegg frå Høgre, Sp og FrP, fremja av Mathias Råheim (H):

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 15 mill. kr.
2. Vi skal ta omsyn til brann og redning, kommunal veg og barn og unge i størst mogleg grad.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør, og Jan Flølo, Tell, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

SV sitt framlegg **fall** med 1 (SV) mot 9 stemmer

Ap sitt framlegg **fall** med 2 (Ap) mot 8 stemmer

H, Sp og Frp sitt framlegg **vart tilrådd** med 6 (H, Sp, Frp, SV) mot 4 stemmer

UNM- 025/26 Vedtak:

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 15 mill. kr.
2. Vi skal ta omsyn til brann og redning, kommunal veg og barn og unge i størst mogleg grad.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:**Felles framlegg, fremja av Nils Gjerland (FPL):**

Rådet ber kommunestyret vise moderasjon i høve innsparingskravet.

Kort orientering/svar på spørsmål ved konst. kommunedirektør

Avstemming:

Felles framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 013/26 Vedtak:

Rådet ber kommunestyret vise moderasjon i høve innsparingskravet.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 013/26 Vedtak:

1. Innsparingsmålet i kommunestyresak 112/25 om ytterlegare innsparing på 30 mill. kr for samfunnstenestene, vert justert til 20 mill. kr.
2. Fordeling av ytterlegare innsparing mellom sektoren vert 11 mill. kr til stab/støtte, 6 mill. kr til kultur/idrett og 3 mill. kr til teknisk/miljø.
3. Tidspunkt for effekt er fortrinnsvis 1. januar 2027. Det skal rapporterast på framdrift/status for kvar sektor.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Fellesframlegg frå ungdomsrådet , fremja av Birk Sørebo Hauger ():

Ungdomsrådet meiner innsparingsambisjonen er for høg, og at det ikkje skal bli kutta i tilbodet til barn og ungdom. Den samla negative effekten for barn og ungdom blir for stor, og spesielt lågterskeltilbod blir for hardt ramma.

Ungdomsrådet vil verne ungdomsklubbane i Førde og Naustdal frå kutt. Dette er eit viktig lågterskeltilbod. I ungdomsrådet sin handlingsplan har vi bestemt å arbeide for ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.

Fjerning av fritidskortet er særleg uheldig sidan dei svakaste i samfunnet blir ramma. Dette kan auke utanforskap og vil vere negativt for Sunnfjord-samfunnet.

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt fellesframlegg **vart einstemmig tilrådd**

UR- 023/26 Vedtak:

Ungdomsrådet meiner innsparingsambisjonen er for høg, og at det ikkje skal bli kutta i tilbodet til barn og ungdom. Den samla negative effekten for barn og ungdom blir for stor, og spesielt lågterskeltilbod blir for hardt ramma.

Ungdomsrådet vil verne ungdomsklubbane i Førde og Naustdal frå kutt. Dette er eit viktig lågterskeltilbod. I ungdomsrådet sin handlingsplan har vi bestemt å arbeide for ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule.

Fjerning av fritidskortet er særleg uheldig sidan dei svakaste i samfunnet blir ramma. Dette kan auke utanforskap og vil vere negativt for Sunnfjord-samfunnet.

032/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør, innleia med ei kort orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM- 032/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og konst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 008/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 009/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UR- 021/26 Vedtak:

Årsrekneskap 2025 og Årsmelding 2025 for Sunnfjord kommune vert vedtekne.

033/26: Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:**Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM- 033/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved kommunalsjefane og konst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 007/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål kst. kommunedirektør

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 008/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Kst. kommunedirektør, Lise Mari Haugen, innleia med ei orientering om saka.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig godkjent**

UR- 022/26 Vedtak:

Årsrapport 2025 for Sunnfjord kommune vert godkjent.

026/26: Klagesak - Klage på vedtak om pålegg om retting for terrengarbeid ved gbnr. 21/215**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Klage på vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt for terrengarbeid om overvassleidning og avkøyrsløse ved gbnr. 21/215, vert ikkje tatt til følge. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:**Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 026/26 Vedtak:

Klage på vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt for terrengarbeid om overvassleidning og avkøyrsløse ved gbnr. 21/215, vert ikkje tatt til følge. Klagen vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

027/26: Prinsipiell avklaring - bruk av kommunale vegar til tømmertransport**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Sunnfjord kommune ønskjer å leggje til rette for eit trygt, føreseieleg og framtidsretta samarbeid med skognæringa. For å sikre gode og berekraftige løysingar for alle brukarar av vegnettet, skal kommunen berre oppskrive bruksklasse for vekt og/eller lengde når faglege vurderingar viser at vegen toler den aktuelle belastninga. Dersom naudsynt utbetring blir fullfinansiert av eksterne aktørar og utført etter gjeldande normer, kan oppskriving også gjennomførast.
2. Sunnfjord kommune vil ikkje bruke kommunale midlar til vegutbetringar som i hovudsak legg til rette for privat tømmerdrift, men kommunen ser positivt på dialog og samarbeid om løysingar som ivaretek både næringa sine behov og kommunen sine forvaltningsansvar.
3. Kippkøyring skal vere hovudregelen der vegane ikkje toler ønskja vekt eller lengde.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å utarbeide tydelege og føreseielege retningslinjer for handsaming av slike saker, slik at både næringsliv og innbyggjarar får ein open og lik praksis for vurdering av vekt- og lengdeavvik.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 027/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune ønskjer å leggje til rette for eit trygt, føreseieleg og framtidsretta samarbeid med skognæringa. For å sikre gode og berekraftige løysingar for alle brukarar av vegnettet, skal kommunen berre oppskrive bruksklasse for vekt og/eller lengde når faglege vurderingar viser at vegen toler den aktuelle belastninga. Dersom naudsynt utbetring blir fullfinansiert av eksterne aktørar og utført etter gjeldande normer, kan oppskriving også gjennomførast.
2. Sunnfjord kommune vil ikkje bruke kommunale midlar til vegutbetringar som i hovudsak legg til rette for privat tømmerdrift, men kommunen ser positivt på dialog og samarbeid om løysingar som ivaretek både næringa sine behov og kommunen sine forvaltningsansvar.
3. Kippkøyning skal vere hovudregelen der vegane ikkje toler ønskja vekt eller lengde.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å utarbeide tydelege og føreseielege retningslinjer for handsaming av slike saker, slik at både næringsliv og innbyggjarar får ein open og lik praksis for vurdering av vekt- og lengdeavvik.

028/26: Frivilligpolitisk plattform

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UNM- 028/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Eldrerådet 21.04.2026:

Kort orientering /svar på spørsmål ved Catrine Vagstad rådgjevar ved Fagutvikling

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

ELDR- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 21.04.2026:

Kort orientering/svar på spørsmål ved Catrine Vagstad rådgjevar ved Fagutvikling

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **samrøystes godkjent**

RMNF- 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.
Plattformen skal reviderast annakvart år.

Behandling i Ungdomsrådet 20.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

UR- 025/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek Frivilligpolitisk plattform for Sunnfjord kommune.

Plattformen skal reviderast annakvart år.

029/26: Tilskot frå fiske- og friluftsfond Jølster

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Skei Miljøutvikling vert tildelt eit tilskot på inntil 95 000 kroner frå Fiske- og friluftsfondet for Jølstra og inntil 30 000 kroner frå Kjosnesfjorden fiske- og friluftsfond, til saman inntil 125 000 kroner. Tilskotet skal nyttast til bygging av fiskehytte/gapahuk på Kjosnesøya. Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:

1. Tilskotet vert utbetalt når prosjektrekneskap er levert og godkjent. Dersom dokumentasjonen ikkje samsvarar med kostnadsoverslaget, kan tilskotet bli avkorta tilsvarande.
2. Tiltaket må ha alle naudsynte løyve etter gjeldande lovverk.
3. Leigeavtale for minimum 30 år for området skal vere signert før tilskotet vert utbetalt, og avtalen skal leggjast ved prosjektrekneskapen.
4. Skei Miljøutvikling må stå som eigar og driftar av fiskehytta/gapahuken.
5. Tilsegnet fell bort dersom det ikkje er kravd utbetalt innan to år frå vedtaksdato.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 029/26 Vedtak:

Skei Miljøutvikling vert tildelt eit tilskot på inntil 95 000 kroner frå Fiske- og friluftsfondet for Jølstra og inntil 30 000 kroner frå Kjosnesfjorden fiske- og friluftsfond, til saman inntil 125 000 kroner. Tilskotet skal nyttast til bygging av fiskehytte/gapahuk på Kjosnesøya. Det vert sett følgjande vilkår for løyvinga:

1. Tilskotet vert utbetalt når prosjektrekneskap er levert og godkjent. Dersom dokumentasjonen ikkje samsvarar med kostnadsoverslaget, kan tilskotet bli avkorta tilsvarande.
2. Tiltaket må ha alle naudsynte løyve etter gjeldande lovverk.
3. Leigeavtale for minimum 30 år for området skal vere signert før tilskotet vert utbetalt, og avtalen skal leggjast ved prosjektrekneskapen.
4. Skei Miljøutvikling må stå som eigar og driftar av fiskehytta/gapahuken.
5. Tilsegnet fell bort dersom det ikkje er kravd utbetalt innan to år frå vedtaksdato.

030/26: Samarbeidsavtale for Hub for Minerals

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune godkjenner samarbeidsavtalen Hub for Minerals – Samarbeidsavtale for oppfølging av felles ambisjonar knytt til ei grøn og framtidssretta mineralnæring mellom Engebø Rutile and Garnet (Nordic Mining), Askvoll kommune, Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, slik avtalen ligg føre i vedlegg.
2. Kommunestyret legg til grunn at samarbeidsavtalen berre er gyldig når avtalen er formelt godkjend av alle partane.
3. Sunnfjord kommune stadfestar med dette si rolle som aktiv samarbeidspartnar og som ein positiv og føreseieleg vertskommune for berekraftig mineralutvinning og vidare utvikling av mineralnæringa i regionen.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Utsetjingsframlegg , fremja av Eldrid Skudal (SV):

Tre rettsinstansar har kome til at utsleppsløyva Engebø Rutile and Garnet (Nordic Mining) har fått er ugyldige etter EUs vassdirektiv og vassforskrifta. Høgsterett skal starte handsaminga av ankesak den 27. apri 2026.

Difor vert saka om samarbeidsavtale for HUB for Minerals utsett til Høgsterett har avsagt dom i sak om utsleppsløyva.

Protokollmerknad frå SV, fremja av Eldrid Skudal (SV):

SV støttar prosjekt med mål om å utnytte restmassar frå mineralutvinning for å unngå å dumpe massane i sjøen. Det er i tråd med prinsipp om sirkulærøkonomi, ansvarleg ressursbruk og ei berekraftig mineralutvinning. Men med å dumpe så store mengder med gruveavfall i fjorden som Engebø Rutile and Garnet (Nordic Mining) legg opp til, er prosjektet i seg sjølv ikkje berekraftig då det vil redusere miljøtilstanden i Førdefjorden, frå økologisk god til økologisk dårleg.

Avstemming om utsettingsframlegg:

SV sitt framlegg fall med 1 (SV) mot 9 stemmer

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

SV la fram ein protokollmerknad som følgjer saka til vidare behandling.

UNM- 030/26 Vedtak:

1. Sunnfjord kommune godkjenner samarbeidsavtalen Hub for Minerals – Samarbeidsavtale for oppfølging av felles ambisjonar knytt til ei grøn og framtidssretta mineralnæring mellom Engebø Rutile and Garnet (Nordic Mining), Askvoll kommune, Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune, slik avtalen ligg føre i vedlegg.
2. Kommunestyret legg til grunn at samarbeidsavtalen berre er gyldig når avtalen er formelt godkjend av alle partane.
3. Sunnfjord kommune stadfestar med dette si rolle som aktiv samarbeidspartnar og som ein positiv og føreseieleg vertskommune for berekraftig mineralutvinning og vidare utvikling av mineralnæringa i regionen.

031/26: Høyringsuttale til forslag til forskrifter på viltområdet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:

- Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er ikkje mogleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå.
- Teksten i § 29a, 4. ledd, bør endrast til: «Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

UNM- 031/26 Vedtak:

Sunnfjord kommune syner til høyring av forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet og har følgjande innspel:

- Framlegget til § 29a i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst om bruk av termiske siktemiddel i hjortejakta er ikkje mogleg å gjennomføre på kommunenivå. Det vil krevje for store ressursar og er unødvendig byråkratisk. Ei eventuell opning av bruk av termiske siktemiddel bør gjerast av Staten på nasjonalt nivå.
- Teksten i § 29a, 4. ledd, bør endrast til: «Restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på hjort når jakten foregår på dyrka jord. Dyrka jord er å forstå som areal som i AR5/gardskart er klassifisert som fulldyrka eller overflatedyrka jord».

034/26: Delegerte vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Einstemmig vedtak

UNM- 034/26 Vedtak:

Delegerte vedtak blir tekne til vitende.

035/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Einstemmig vedtak

UNM- 035/26 Vedtak:

Referatsakene blir tekne til vitende.

036/26: Orienteringar, spørsmål og oppfølging

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir teke til vitende.

Behandling i Utvalet for næring og miljø 22.04.2026:

Møtet byrjar med orientering om:

1. Skjøtselsplan for Befringsdalen v/nasjonalparkforvaltinga Jostedalsbreen nasjonalpark, Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge. Planen er lagt inn som vedlegg.
2. Strandsonekartlegging langs Jølstravassdraget v/Turid Verdal, Nordplan
3. Årsrapport forureining og avløp (og status vassførekomstar) v/Bjørn Rusken
 - a. https://sunnfjord.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-aba08a8e__580c__4b67__bc21__70eed223f3db-2115398_1_A!d-2022290269!5nPXRg?pid=1

I slutten av møtet blir det orientert om:

1. Tiltaksplan 2026 – Temaplan landbruk 2025–2035 v/Joar Helgheim, leiar landbruk og miljø (**utsett til neste møte**)
 - a. Tiltaksplanen er lagt inn som vedlegg.
2. Status veterinærvaktordninga v/Joar Helgheim
3. Spørsmål frå Britt Aarbergsbotten (H), sjå vedlegg.
 - a. Status på byggesak knytt til damegarderobe ved Førde brannstasjon
 - b. Ansvarleg søkar i byggesak knytt til brakke ved Bygstad skule
 - c. Praksis knytt til dekking av sakskostnadar i klagesaker (**utsett til neste møte**)

Einstemmig vedtak

UNM- 036/26 Vedtak:

Orienteringane blir tekne til vitende.